



Myrkdalen Renseanlegg AS
Myrkdalen
5701 Voss
v/Nils Akselberg

Sakshandsamar:
Anette Heggøy

Rapport frå inspeksjon ved Myrkdalen Renseanlegg 27.november 2020 Kontrollnummer: 2020.106.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Nils Akselberg
Øistein Hirth
Narve Lirhus
Knut Hellesnes

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Sissel Storebø
Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Myrkdalen Renseanlegg den 27. november 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik og gav 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Miljørisikovurderinga for verksemda er ikkje oppdatert
- Det er ikkje gjennomført akkreditert prøvetaking ved verksemda

Merknader:

- Handteringa av botnslam frå sedimentasjonsbassenga har manglar

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Anette Heggøy
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Voss herad

Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: MYRKDALEN RENSEANLEGG AS	
Organisasjonsnr.: 984813260	Eigd av: 984779313
Bransjenr. (NACE-kode): 42.210 - Bygging av vann- og kloakkanlegg	

Kontrollert eining

Namn: Myrkdalen renseanlegg	Anleggsnr.: 4621.0069.01
Kommune: Voss	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 2.mars 2017	Sist endra:

1 Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikalier

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

2 Oppfølging etter inspeksjonen

Myrkdalen Renseanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Myrkdalen Renseanlegg AS innan 1. mars 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Vi ber også om tilbakemelding om oppfølging av merknaden.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Anette Heggøy.

3 Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 17. september 2020. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Myrkdalen Renseanlegg AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

4 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

5 Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Miljørisikovurderinga for verksemda er ikkje oppdatert

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

- Utsleppsløyve av 2. mars 2017, punkt 2.1

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

I samsvar med løyvet punkt 2.1 og internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 6, skal det utarbeidast ei miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge tilhøve knytte til avløpsanlegget som kan føre til forureining, og på bakgrunn av dette vurdere risiko. Risiko som overskrider akseptkriterier skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva. Risikovurderingane og handlingsplanen skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda utarbeida i 2014/2015 ei miljørisikoanalyse med tilhøyrande tiltaksplan for avløpsanlegga. Analysen og tiltaksplanen har ikkje blitt oppdatert sidan då.

På tilsynet vart det opplyst at risikoanalysen framleis er relevant. Mange av tiltaka i tiltaksplanen er utført eller satt i verk. Dette kjem ikkje fram av dokumentet.

Avvik 2

Det er ikkje gjennomført akkreditert prøvetaking ved verksemda

Avvik frå:

Utsleppsløyve av 2.mars 2017, punkt 2.3.3

Kommentarar til regelverket:

I samsvar med løyvet punkt 2.3.3 skal verksemda syte for at det blir teke prøvar av tilført og reinsa avløpsvatn. Verksemdar som utfører prøvetaking og konservering, skal vere akkrediterte for prøvetaking eller ha eit tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av kvalifisert nøytral instans.

Prøvene skal vere representative for avløpsvatnet og skal takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda gjennomfører ikkje akkreditert prøvetaking ved anlegget. Prøver tas ut i form av stikkprøver i staden for mengdeproporsjonale prøver. Utover dette gjennomfører verksemda prøvetakinga i samsvar med løyvet.

Uttak av mengdeproporsjonale prøvar, spesielt når det gjeld utløpsvatn, er vanskeleg å gjennomføre ved denne typen anlegg der utsleppet frå anlegget skjer ved infiltrasjon gjennom grunnen til resipienten Myrkdalselva. Prøvetaking av utløpsvatnet blir utført ved stikkprøvetaking frå prøvetakingsbrønnar nedstraums sedimentasjonsbassenga, men framleis fleire meter oppstrøms Myrkdalselva. Innløpsprøve blir tatt frå støtbelastar etter slamavskiljar.

Verksemda har vurdert at valt prøvetakingsmetodikk vil kunne gje tilstrekkeleg representative prøvar sjølv om prøvetakinga ikkje vert gjennomført akkreditert eller i form av mengdeproporsjonale prøvar. Fylkesmannen ber verksemda utarbeide eit notat som vurderer representativiteten i prøvene som tas ut, og også sende over prøvetakingsinstruksen ein har for prøvetakingsarbeidet.

6 Merknader

Merknad 1:

Handteringa av botnslam frå sedimentasjonsbassenga har manglar

Kommentar:

I utsleppsløyvet punkt 3 er det stilt krav til at avløpsslam skal handterast ved godkjent anlegg for slamhandtering. Verksemda pliktar å syte for at alt avløpsslam som skal brukast til gjødsel eller jordforbetring, blir handtert i samsvar med gjødselvereforskrifta.

Slam frå slamavskiljar vert handtert i samsvar med løyvet og levert til godkjent mottak på Sløvåg.

Utskifta massar frå sedimentasjonsbassenga vert lagt til ettermodning (hygienisering) på lokalt massedeponi og vert deretter brukt i skråningar og utplanering av jordbruksland. Det er ikkje teke prøvar av desse massane. Fylkesmannen ber om at det vert gjennomført ein kontroll av kvaliteten på desse massane, gjennom prøvetaking av massane iht. krav til slamkontroll i løyvet. Prøvene skal analyserast for relevante miljøgifter.

7 Andre tilhøve

Status

Ny hovudplan for avløp for Myrkdalen vart vedtatt 18. juni 2020. Vedtaket inneber at Voss herad skal overta avløpsreinsing og drift av avløpsanlegga i Myrkdalen. Vedtaket inneber bygging av eit nytt reinseanlegg som skal erstatte Myrkdalens reinseanlegg i tillegg til øvrige private og kommunale reinseanlegg i Myrkdalen. Nytt anlegg skal ligge ved Myrkdalsvatnet og driftsstart er planlagt i 2023.

Dagens tilrenning til anlegget er per i dag omtrent 2000 pe i maksveke. Myrkdalen reinseanlegg har tilstrekkeleg kapasitet (og også dekning i løyvet) til å handtere den planlagde utbygginga av hyttefelt mm. fram til nytt anlegg er driftsklart. Det er restkapasitet i anlegget til å ta unna økt tilrenning ved at ein kan køyre to sedimentasjonsbasseng om gongen, i staden for eitt, slik som det er blitt gjort til no. Ein har per i dag ingen planar om å utvide anlegget, men følgjer godt med på reinseresultat og resultat frå resipientovervakinga. Ved behov er det mogeleg å supplere anlegget med eit utjamningsbasseng (tett basseng) oppstrøms anlegget for å ta hand om toppane i tilrenninga.

Driftsstabilitet på reinseanlegg og oppnåing av reinsekrav

Avløpsanlegget i Myrkdalen fungerer i all hovudsak godt.

Det tas ut prøver for overvaking av reinseffekt etter fast rutine, andre måndag i månaden, annakvar månad. Prøveplanen er satt opp slik at ein får med toppbelastningsperiodene på anlegget.

Resultata av prøvane varierer over året og dette kan ha fleire årsaker (lab, prøvetaking, belastning). Reinsekrava blir likevel stort sett nådd, men ein ligg litt under kravet for fosfor. Ein meiner likevel at ein truleg når reinsekrava i løyvet: Plasseringa av prøvetakingspunkta (innløpsprøve tas etter slamavskiljar, og utløpsprøve tas frå prøvebrønnar plassert et godt stykke unna elveløpet - dvs. vatnet vil reinsast i grunnen også etter prøvepunktet før det siver ut i elva) gjer at dei rapporterte resultata er konservative. I tillegg til dette ser enkelte prøver ut som avvikarar i datasettet (som kunne bli tatt ut av reknestykket jf. forureiningsforskrifta § 14-13) - alle resultat er likevel tatt med i rapportert reinseffekt.

Bekymringsmeldingar i 2018/2019 har blitt godt følgt opp gjennom resipientundersøkingar og masseutskifting ved deler av anlegget. Ein har forventning om at reinseresultata for 2020 vil bli betre enn i 2019 som følgje av dette tiltaket.

Det er ingen luktproblematikk på anlegget.

Leidningsnett og pumpestasjonar

Ein har god oversikt over leidningane i transportsystemet og dei aller fleste er av moderne standard. Alt leidningsnett er separate leidningar (ikkje overvatn). Det er lite innlekking på leidningane. Ved store nedbørsmengder eller snøsmelting kan noko vatn finna vegen til leidningane gjennom kumlukk.

Det vert gjennomført gjennomspyling av heile leidningsnettet kvart år for å forebygge tilstopping midtvinters når det er vanskeleg å kome til.

Det er ingen overløp eller pumpestasjonar på transportnettet til Myrkdalen reinseanlegg med unntak av ein pumpestasjon ved Vossestrand hotell. Hotellet driftar pumpestasjonen. Denne pumpestasjonen er planlagt oppgradert. Det er eit overløp ved pumpestasjonen, men dette er i svært lite bruk. Eventuelt overløp her vil gå via sandfilter før utløp.

Overvaking av resipient

Det vert gjennomført resipientovervaking i Myrkdalselva årleg. Overvakinga omfattar månadleg prøvetaking av vasskjemi, og bunndyrundersøkingar. Resultata av overvakinga visar at utsleppet påverkar vasskvaliteten nedstraums anlegget i nokon grad. Frekvens for bunndyrundersøkingar er frå 2019 oppjustert til årlege undersøkingar som følgje av dette.

8 Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen